




Dette er soknerådet fram til valet til hausten: Foran Gunnbjørg Stensletten Eik, Møyfrid Kristoffersen og Ingunn Olsen. Bak Hans Reidar Kjærland, Ole Magne Myhre, Reidar Myklebust. Tormod Myklebust og sokneprest Kristian Due.t

**Møyfrid Kristoffersen og Ingunn Olsen er leiar og nestleiar i soknerådet også for 2015. Det vart bestemt under soknerådsmøtet i kyrkja ikveld. Til hausten vert det nytt val av sokneråd, samstundes med kommunevalet. Årets fyrste møte var prega av ein oppsummering av det hendingsrike jubileumsåret 2014, sjølv om det statistiske oversyn enno ikkje låg føre. Det fyrste som no skal skje utover dei faste gudstenestene er ein salmekveld til minne om Bernt Støylen den 1. mars. Han vart fødd i 1858 og døydde i 1937.**

Soknerådet har handsama mange saker også utanom dei som hadde med jubileet å gjera. Det gjeld til dømes støtte til turer for konfirmantane, fordeling av offergåver, innstilling på ny sokneprest, medlemskap i Uskedal Utvikling, oppdatering av biletgalleri over tidlegare prestar, sluttrapport om trusopplæringsplanen for kommunen, innkjøp av elektrisk senkeapparat, økonomisk støtte til teatertilskiping for barn og behovet for gravplassar i framtida.

I år vert det ei ny tårnagenthelg - 7. og 8. mars.



Bernt Støylen er den neste salmediktar  
som vert minna i Uskedalen

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen